

Møteprotokoll

Utval: Ålfotbreen verneområdestyre
Møtestad: Kviknes hotell, Balestrand
Dato: 11.03.2020
Tidspunkt: 13:00 – 15:00

Følgjande faste medlemmar møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Janne Marie Solheim	Medlem	Gloppen
Jacob Andre Telvik Nødseth	Medlem	Kinn
Åsmund Berthelsen	Medlem	Vestland
Irene Storøy	Medlem	Bremanger

Følgjande varamedlemmar møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Per Ståle Husevåg	Møtte på konstituerande møte utan stemmerett	Gloppen
Henny Margrete Hansen	Møtte på konstituerande møte utan stemmerett	Bremanger

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturoppsyn
Sverre Sæten	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 1/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/20	Ålfotbreen verneområdestyre - Konstituering av verneområdestyret for perioden 2020-2023		2019/2582
ST 3/20	Ålfotbreen verneområdestyre - Delegeringsreglement		2019/2582
RS 1/20	Orienteringssak - Praktiske ting kring styremøte, møtegodtgjerdse med meir		
ST 4/20	Ålfotbreen verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidlar for 2020		2019/4056
ST 5/20	Ålfotbreen verneområdestyre - Møteplan for 2020		2019/2582
ST 6/20	Eventuelt		

ST 1/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 11.03.2020

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	2/20	11.03.2020

Ålfotbreen verneområdestyre - Konstituering av verneområdestyret for perioden 2020-2023

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 11.03.2020

Vedtak

a. Val av styreleiar

Det kom inn eitt forslag på styreleiar:

- Jacob Nødseth frå Kinn kommune

Jacob Nødseth vart samrøystes valt som styreleiar for Ålfotbreen verneområdestyre for perioden 2020-2023.

b. Val av nestleiar

Det kom inn to forslag på nestleiar:

- Irene Storøy frå Bremanger kommune
- Janne Solheim frå Gloppen kommune

Avrøysting i styret resulterte i likt stemmetal 2-2.

Åsmund Berthelsen føreslo då at valet skulle avgjerast ved loddrekning. Styret støtta dette.

Resultatet av loddrekninga vart at:

Irene Storøy vart valt som nestleiar i Ålfotbreen verneområdestyre for perioden 2020-2023.

Saksutgreiing

a. Val av styreleiar

Styret må velje ein styreleiar.

Oppgåver som ligg til styreleiarvervet:

- leie styremøta
- vere forvaltar sin fremste overordna
- planlegge styremøta saman med forvaltar

Styreleiar har dobbeltrøyst ved likt stemmetal i styret.

Styreleiar får leiargodtgjerdsle i møta, som er noko høgare enn godtgjerdsle til andre styremedlemmer.

b. Val av nestleiar

Styret må velje ein nestleiar. Nestleiar er den som leiar møta og styret når ikkje styreleiar er til stades.

Arkivsaksnr: 2019/2582-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 18.02.2020

Utval	Utvallsak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	3/20	11.03.2020

Ålfotbreen verneområdestyre – Delegeringsreglement

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 11.03.2020

Vedtak

Ålfotbreen verneområdestyre delegerer vedtaksmynde til forvaltaren i kurante saker som omhandlar ferdsel, og som ikkje kan vente på ordinær handsaming i styret. Delegering gjeld eittårige løyver som

har heimel i verneforskrift for Ålfotbreen landskapsvernområde. Løyve som vert gjeve skal rapporterast til styret som orienteringssak på neste styremøte, og så snart som mogleg sendast via e-post til styret.

Ålfotbreen verneområdestyre delegerer vedtaksmynde til forvaltaren i saker etter naturmangfaldslova § 48 dersom saken vurderast som kurant og at saka ikkje er nødvendig å førehavast styret. Ved tvil kontaktar forvaltaren styreleiaren.

Saksutgreiing

Styret har høve til å delegere mynde til forvaltar i enkelte saker. Dette står omtala i vedtektene til styret:

Styret kan gje forvaltar mynde til å gjere vedtak i saker av kurant karakter. Med kurant karakter er meint følgjande:

Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskrifta om ferdsle og motorferdsle.

Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskrifta og etter naturmangfaldlova § 48 der:

a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.

b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis fra saker handsama av styret/AU i tilsvarende sak.

c) Forvaltingsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.

Ved tvil skal forvalter drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiingadensom forvaltaren treffer delegert vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret.

Erfaringane med å delegere mynde er gode. Det kan gå fleire månader mellom styremøta og nokre av sakene som dukker opp er «hastesaker». Særleg gjeld dette motorferdsel.

Delegeringsvedtaket som har vore gjeldande til no er slik:

Ålfotbreen verneområdestyre delegerer vedtaksmynde til forvaltaren i saker som omhandlar ferdsl.

Delegering gjeld eittårige løyver som har heimel i verneforskrift for Ålfotbreen landskapsvernområde.

Løyve som vert gjeve skal rapporterast til styret som orienterings sak på neste styremøte.

Styret kan vurdere om delegeringsvedtak og skal gjelde § 48- saker.

Arkivsaksnr: 2019/4056-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 21.02.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	4/20	11.03.2020

Ålfotbreen verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidler for 2020

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 11.03.2020

Vedtak

Ålfotbreen verneområdestyre vedtok å jobbe med tiltak i 2020 etter følgjande prioriterte rekkefølge:

Pri	Tiltak	Skildring	Kostnads- overslag
1	Skilte og merke ruta til Lavesteinen	Sette opp nye turskilt og merke den nye ruta frå skogsvegen i Hope oppover mot Lavesteinen.	10000
2	Stien frå Metteneset til Gullsmehytta	Rydde og merke stien som går frå Mettenes og oppover mot Gullsmehytta og Skjeringane	20000
3	Stien frå Grøndalen til Blåbrebu	Her er det snakk om fleire mindre tiltak på den merka ruta som går til Blåbrebu: a. fysisk utbetring av nokre punkt på sjøve stitraseen langs Støylsvatnet. b. Nytt dekke med meir på brua som går over elva nord for Støylsvatnet. c. Mindre, punktvisse tryggingstiltak på stien som går vidare oppover mot Blåbrebu. Tiltaka skal skje i samarbeid med Flora turlag.	70000
4	Sti Førdedalen	Utbetre stien frå enden av skogsvegen mot hylle 7	40000
5	Infoskilt	Sette opp ny plakat på dei eksisterande informasjonsskilt dersom den løysinga vert godtatt av Miljødirektoratet og lar seg gjennomføre i praksis.	?
6	Bru ved Skarvevatnet /Gullsmehytta	Sette opp ny bru over elva/fossen ved utlaupet frå Skarvevatnet.	40000
7	Tilrettelegging Førdedalen	Legge til rette for lågterskel ferdsel, telting, rasting. Benkar, toalett, avfallshandtering, bål plass. Må skje i samarbeid med grunneigarane i Førdedalen.	100000
8	Fjerning av gran	Kartlegge førekomstar av gran i verneområdet. Fjerne førekomstar som vert oppdaga. Etterkontroll med tidlegare uttak av gran.	100000

Verneområdestyret vil gå gjennom lista på styremøte 2/2020, gjere opp status då og gjere eventuelle justeringar då.

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om tiltalskmidlar for 2020
- Tildeling av tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet

Bakgrunn

Ålfotbreen verneområdestyre får kvart år ei tildeling med tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet. Midlane er statlege investeringsmidlar frå post 1420.31 i statsbudsjettet. Kort fortalt skal midlane nyttast til tilrettelegging, skjøtsel og informasjonsarbeid, og i tråd med retningslinjer og føringar frå direktorat og departement.

Ålfotbreen verneområdestyre sette opp ei prioritert bestilling av midlar på siste møtet i 2019. Verneområdestyret søkte om totalt 620.000. Lista vart sendt til Miljødirektoratet som har gått gjennom alle tiltaka og vurdert dei opp mot postføremål og føringar. Det mest vanlege er at direktoratet vurderer kva tiltak som er innanfor og utanfor postføremålet, og at verneområdestyret får ein «pott» med midlar til fordeling blant dei tiltaka som er vurdert som innanfor postføremålet. Det er og vanleg at tildelinga er mindre enn søknaden, og at styret derfor må fordele og prioritere dei midlane dei får.

Tildeling

- Ålfotbreen verneområdestyre har fått 400.000 i tiltaksmidlar i 2020.
- Eit av tiltaka som var meldt inn (grusing av veg i Hope) har Miljødirektoratet vurdert til å vere utanfor postføremålet. Det er markert i raudt i lista under her.
- Verneområdestyret skal fordele midlane mellom dei resterande tiltaka, som direktoratet har «godkjent».

Tiltaksliste

Pri	Tiltak	Skildring	Kostnads- overslag
1	Gruse veg i Hope	Gruse opp vegen som går opp til parkeringsplassen på Nakkane i den prioriterte innfallsporten Hope.	40000
2	Skilte og merke ruta til Lavesteinen	Sette opp nye turskilt og merke den nye ruta frå skogsvegen i Hope oppover mot Lavesteinen.	10000
3	Stien frå Metteneset til Gullsmehytta	Rydde og merke stien som går frå Mettenes og oppover mot Gullsmehytta og Skjeringane	20000
4	Stien frå Grøndalen til Blåbrebu	Her er det snakk om fleire mindre tiltak på den merka ruta som går til Blåbrebu: a. fysisk utbetring av nokre punkt på sjølvstetraseen langs Støylsvatnet. b. Nytt dekke med meir på brua som går over elva nord for Støylsvatnet. c. Mindre, punktvis tryggingstiltak på stien som går vidare oppover mot Blåbrebu. Tiltaka skal skje i samarbeid med Flora turlag.	70000
5	Infoskilt	Sette opp 2 nye "sett" med informasjonsskilt og portalskilt.	200000
6	Bru ved Skarvevatnet /Gullsmehytta	Sette opp ny bru over elva/fossen ved utlaupet frå Skarvevatnet.	40000
7	Sti Førredalen	Utbetre stien frå enden av skogsvegen mot hylle 7	40000
8	Tilrettelegging Førredalen	Legge til rette for lågterskel ferdsel, telting, rasting. Benkar, toalett, avfallshandtering, bål plass. Må skje i samarbeid med grunneigarane i Førredalen.	100000
9	Fjerning av gran	Kartlegge førekomst av gran i verneområdet. Fjerne førekomst som vert oppdaga. Etterkontroll med tidlegare uttak av gran.	100000

Handsaming i møte

Styret må fordele og eventuelt prioritere dei tildelte midlane for 2020. Midlane kan fordelast mellom dei tiltaka som er søkt om midlar til og som er godkjent av Miljødirektoratet.

Prioriteringa som det førre styret har sett opp (første kolonna) er eit utgangspunkt, men den kan endrast.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	5/20	11.03.2020

Ålfotbreen verneområdestyre - Møteplan for 2020

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 11.03.2020

Vedtak

Neste møte i verneområdestyret vert fredag 15.mai i Bremanger.

På det møtet vil forvaltaren ha klar framlegg til møtedatoar for møta 3/2020 og 4/2020.

Saksutgreiing

I vedtektene står det at styret bør ha fire møter kvart år. I Ålfotbreen landskapsvernområde er saksmengda låg, og det er ikkje alltid naudsynt med fire møter. I staden kan det vere rom for for turar og synfaringar.

Nokre faste saker gjennom året har vi i "årshjulet", og møteoppsett i eit normalår ser grovt sett slik ut:

Møte 1	Februar/mars	Prioritere tildelte tiltaksmidlar Sette opp møteplan
Møte 2	Mai/juni	Følge opp tiltak Synfaring
Møte 3	August/september	Følge opp tiltak Synfaring
Møte 4	November/desember	Tiltaksplan og søke om tiltaksmidlar for det påfølgande året

I tillegg skal det vere møte med Rådgjevande utval. Det har vi som oftast på hausten. Styret skal vere representert i det møtet, til no har styreleiar representert styret og leia det møtet. Det kan og vere aktuelt å legge dette saman med eit styremøte og at heile styret er med.

Når vi skal sette opp møteplan ved starten av eit nytt år, har vi som regel gjort det på følgande måte:

1. Forvaltar lagar ei skjematisk oversikt der møteplanar til kommunane og fylkeskommunen er lagt inn.
2. Forvaltar blinkar ut lediga datoar som ikkje har andre politiske møte og lagar til ein "poll" på Doodle.com der styremedlemmane kan hake av for dei datoane det passar
3. Styreleiar og forvaltar plukkar ut dei datoane det passar for flest/alle.

Handsaming i møte:

Styret kan sette opp møteplan i møtet, eller gje forvaltar i oppdrag å finne møtedatoar på same måte som tidlegare, som skildra ovanfor.

ST 6/20 Eventuelt

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 11.03.2020

Ingen saker